



Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS
Vestbygdvegen 56
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/571 - 18/4548

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

01.03.2018

Godkjenning- riving av fritidsbustad Gbnr 9/31 Hjertås

Administrativt vedtak. Saknr: 50/2018

Tiltakshavar:

Olav Andre Soltveit

Ansvarleg søkjar:

Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak :

Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS har på vegne av tiltakshavar søkt om løyve til riving av ein eldre fritidsbustad på gbnr 9 / 31 på Hjertås i Meland kommune, jf. søknad journalført motteke 23.02.18. Bygget er opplyst å vere 52 m² og står til nedfalls.

VURDERING:

Plangrunnlag:

Omsøkt areal gjennom reguleringsplanen for Mongsedalen/Mjukebakkane med plan ID nr. 125620010502 regulert til byggeområde for fritidsbustader/bustader.

Riving av fritidsbustaden er ikkje i strid med reguleringsplanen. Søknaden inneheld tilstrekkeleg opplysningar til at Meland kommune kan gi løyve til riving av tiltaket, jf. pbl § 21- 2 .

Nabovarsling:

Tiltaket blei nabovarsla 09.02.18 i samsvar med pbl. § 21- 3 . Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Fritidsbustaden som skal rivast står til nedfalls, og arealet skal nyttast til oppføring av nytt bustad, som skal godkjennast i egen vedtak. Hjemmelshavar Meland Bustad AS ved Arne Rossnes har samtykka til tiltaket den 22.02.18. Administrasjonen vurderer difor at det ikkje er panthavarar til eigedomen som er relevant å varsle i føreliggjande sak, jf. pbl § 21-3.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Avfallshandtering:

Tiltaket har bruksareal på 52 m2 og har ikkje krav til avfallsplan etter TEK § 9-6 bokstav (c).

Ansvarsrett:

Olav Andre Soltveit har sendt inn erklæring om ansvarsrett som sjølvbyggjar for funksjonane UTF (tkl 1) for riving. Føretak Fjelstad & Sandvik Tømrerteam AS har erklært ansvarsrett som ansvarleg søker for tiltaket.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 løyve til riving av fritidsbustad på gbnr 9/31 i Meland kommune, i samsvar med søknad journalført motteke 23.02.2018. Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. Matrikellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. PBL § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova så langt det ikkje er gitt unntak.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert gebyr ettersendt.

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

erklæring for ansvarsrett UTF riving 9-31
GBNR9/31 søknad om løyve til tiltak riving av eksisterande hytte oppføring av ny einebustad
kart
Utv. teikningar
nabovarsel
Merknader til nabovarsling
ansvarsrett
erklæringer

Kopi til:

Olav Andre Soltveit

Nordre Steinestø 7 5108

HORDVIK

Mottakarar:

Fjeldstad & Sandvik Tømrerteam AS Vestbygdvegen 56 5918

FREKHAUG